

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar


Plan ID: 2021009463

Arkivsak ID:1924

Ulsteinvik, 15.11.2021

Varsel om oppstart av privat regulering Reguleringsendring innanfor Spjelkavikplanen for Spjelkavikvegen 3-13 og Brusdalsvegen 4-14

I samsvar med plan og bygningslova § 12-8 og løyve gjeve i oppstartsmøte den 14.10.21, blir det varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for reguleringsendring innanfor Spjelkavikplanen for Spjelkavikvegen 3-13 og Brusdalsvegen 4-14 i Ålesund kommune. Området er ca. 9,6 daa og avgrensa som vist i kart nedanfor.



Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229

Forslagsstillarar er Taftasund Eigedom AS og Ålesund Dyreklinikk AS.

Tiltaket er lokalisert i Spjelkavik i Ålesund kommune, like øst for Moa-området. Reguleringsendringa skal legge til rette for etablering av bustader og næring innanfor området. I vest er føremålet er å legge til rette for eit leilegheitsbygg i fire etasjar inkludert parkering og tilhøyrande leikeareal. Vidare er føremålet utviding av Ålesund Dyreklinikk som i dag er etablert på staden. Sør for dagens dyreklinikk er føremålet å legge til rette for ei eventuell framtidig utviding av dyreklinikken, samt for etablering av bustader.

Nærleiken mellom fleire planlagde tiltak i området har medført at planendingane gjennomførast som ein plan. Etter ønske frå Ålesund kommune er det også teke med eit område mot aust for å rydde opp i planmosaikken og regulere den allereie etablerte tilkomstvegen til eksisterande bustader aust i planområdet. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar er varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på www.sporstol.no under fane «Aktuelt», og på Ålesund kommune si heimeside.

Merknadar og innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:

Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik

E-post: silje@sporstol.no - Tlf.: 700 18 550

Frist for innspel er 20.12.2021

Med helsing

Silje Skaro
Arkitekt

Vedlegg

V0 Planinitiativ

V1 Planavgrensing

V2 Sjekkliste ROS

V3 Oversiktskart

V4 Referat frå oppstartsmøte

V5 Varsla partar og høyringsinstansar

Sporstøl Arkitekter as

Postboks 301

6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50

E-Post firmapost@sporstol.no

Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA

Bankgiro. 6566.05.31445

Sentral Godkjenning. 1998001229